

Eigarstyring og selskapsleiing

Etterleving

Fjord1 ser på eigarstyring og selskapsleiing som eit viktig emne som tek for seg forholdet mellom samfunnet, eigarar, styret og leiinga i selskapet. Fjord1 er eit norsk allmennaksjeselskap som blei notert på Oslo Børs 15. august 2017. Som notert selskap vil selskapet vere underlagt rekneskapslova § 3-3b om årleg utgreiing for prinsipp og praksis for føretaksstyring. Regelen fastset kva opplysningar som utgreiinga minimum må innehalde.

Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES) har fastsett ei norsk tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Oslo Børs krev at børsnoterte selskap årleg gir ei samla utgreiing av kva prinsipp dei har for eigarstyring og selskapsleiing i samsvar med den gjeldande tilrådinga frå NUES. Dei faste forpliktingane for noterte selskap er tilgjengelege på www.oslobors.no, og tilrådinga frå NUES er tilgjengeleg på www.nues.no.

Fjord1 vil følgje den gjeldande tilrådinga, som blei gjeven ut 30. oktober 2014, i samsvar med «følg-eller-forklar-prinsippet». Det vil seie at enkelte punkt i anbefalinga blir følgde, og at eventuelle avvik blir gjorde greie for. Selskapet vil gje ei årleg, samla utgreiing for prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing i årsrapporten sin, og informasjonen er tilgjengeleg på www.fjord1.no.

Verdigrunnlag og retningslinjer, etikk og samfunnsansvar

Fjord1 har utarbeidd etiske retningslinjer og andre retningslinjer i tråd med verdigrunnlaget for selskapet. Visjonen til Fjord1 er «Best på miljøvennleg og påliteleg transport», og vi har kjerneverdier som er forankra i verksemda:

- opne og ærlege
- pålitelege og held det vi lovar
- lønsemd
- godt humør
- samhandling og lagånd
- stolte

Dei etiske retningslinjene inneheld generelle prinsipp for forretningspraksis og personleg åtferd, og skal vere eit utgangspunkt for dei haldningane og det grunnleggjande synet som skal gjennomsyre kulturen i Fjord1. Dei etiske retningslinjene til selskapet skal gje føringar for dei som tek avgjerder på vegner av selskapet.

Fjord1 er opptekne av samfunnsansvaret sitt og å ha den nødvendige tilliten i samfunnet for å vere i stand til å handtere dei utfordringane og krava som blir sette til selskapet. Dette skal spegle seg av i verdiane våre og kvaliteten i arbeidet vi gjer. Tryggleiksfilosofien til selskapet er basert på barrieretenking, og samspelet mellom prosedyrar og teknologi skal hindre at tekniske eller menneskelege feil får utilsikta konsekvensar.

Fjord1 jobbar kontinuerleg for å minimere utslepp og forureining av miljøet. Selskapet har mål om å sikre at selskapet held seg til dei formelle krava til utslepp, i tillegg til at vi samarbeider med næringa, leverandørar og forskingsmiljø for å finne tiltak som reduserer utslepp frå ferjebransjen endå meir. Eit viktig element for å redusere utslepp er å byggje om dei eksisterande fartøya og få nybygg med meir miljøvennleg teknologi.

Samfunnsansvar er ein integrert del i Fjord1 og emnet er behandla under etiske retningslinjer og retningslinjer for verdigrunnlaget i selskapet. Det er gjort greie for samfunnsansvar i årsrapporten til selskapet.

Meir informasjon om visjon, strategi, verdiar og samfunnsansvar blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til Fjord1, www.fjord1.no.

Konsernet har som generell regel at det ikkje skal skje forskjellsbehandling eller andre former for diskriminering knytt til kjønn eller etnisk bakgrunn.

2 Verksemd

Fjord1 har som føremål å drive transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemd gjennom eige eller andre selskap. Dette kjem fram av § 2 i vedtektene til selskapet. Vedtektene er tilgjengelege på nettsidene til selskapet. Måla og hovudstrategiane til Fjord1 blir omtalte i årsrapporten til selskapet og blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til selskapet, www.fjord1.no.

I årlege strategiprosessar vurderer styret om dei måla og retningslinjene som følgjer av strategiane, er eintydige, dekkjande, godt operasjoniserte og kommuniserte til tilsette, kundar og andre interessentar.

3 Selskapskapital og utbytte

Fjord1 hadde per 31. desember 2018 ein bokført eigenkapital på 2031 millionar kroner, inkludert ikkje-kontrollerande interessar. Dette utgjer ein eigenkapital på 34,6 prosent. Styret meiner at eigenkapitalen er forsvarleg med tanke på føremål, strategi og risikoprofil.

Utbytte

Selskapet har som intensjon å betale ut årleg utbytte på opptil 50 prosent av nettoresultatet etter skatt. Utbyttepolitikken vil alltid bli sett i relasjon til eigenkapitalen i selskapet og den vedtekne investeringsplanen. Selskapet har ein kapitalstruktur som er tilpassa den noverande strategien og risikoprofilen til selskapet. Framtidige investeringsprogram som følgjer av vellukka anbod kan endre dette og dermed påverke utbyttepolitikken til selskapet. Vedtak og utdeling av utbytte vil bli avgjort av generalforsamlinga etter forslag eller aksept frå styret. Styret har føreslått eit utbytte for 2018 på 270 millionar kroner.

Aksjeprogram for tilsette

I samband med børsnotering 15. august 2017 blei det etablert eit aksjeprogram for alle tilsette. I 2017 fekk alle tilsette tildelt gåveaksjar i samband med børsnotering. I 2018 har alle tilsette hatt høve til delta i aksjeprogrammet ved kjøp av rabatterte aksjar.

Konsernleiinga har ei incentivordning med tildeling av aksjar og rett til kjøp av rabatterte aksjar. Inntil 25 andre nøkkelpersonar i leiande stillingar har rett til å kjøpe rabatterte aksjar.

Føremålet med programmet er å styrkje interessefellesskapet mellom dei tilsette og dei andre aksjonærene, og å løne verdiskaping over tid. Fjord1 ønskjer å gje dei tilsette høve til å ta del i verdiskapinga i konsernet. Det er gitt opplysningar om aksjeprogrammet i note 12 i årsrekneskapen til konsernet.

Kjøp av egne aksjar

Selskapet har fullmakt frå generalforsamlinga til erverv av egne aksjar som er knytte til aksjeprogrammet for tilsette. Fullmakta gjeld til ordinær generalforsamling i 2018, seinast 30. juni 2019.

Kapitalauke

Generalforsamlinga i selskapet har ikkje gitt styret fullmakt til å gjennomføre kapitalauke.

4 Likebehandling av aksjeeigarar og transaksjonar med nærstående

Likebehandling av aksjeeigarar

Fjord1 har éin aksjeklasse, og alle aksjar har lik stemmerett. Gjennom arbeidet til styret og leiinga blir det lagt vekt på at alle aksjonærar skal behandlast likt og ha same høve til innverknad. Vedtektene til selskapet inneheld inga avgrensing med omsyn til stemmerett.

Om selskapet har transaksjonar i egne aksjar, skal dette gjerast over børs eller på annan måte til børskurs. Ved kapitalauke skal eksisterande aksjonærar ha fortrinnsrett, med mindre særskilde forhold tilseier at dette kan fråvikast. Ei slik avviking vil i så fall bli grunngjeven og offentleggjord i ei børsmelding i samband med kapitalforhøginga.

Transaksjonar med nærstående

Fjord1 arbeider for openheit og varsemnd i samband med investeringar som kan føre til eit nært engasjement eller ein nær relasjon mellom selskapet og ein styremedlem, leiande tilsette eller nærstående av desse. Dette er skildra nærare i dei etiske retningslinjene til selskapet og i styreinstruksen, i tillegg til at det er heimla i lov og forskrift.

Selskapet hentar inn og oppdaterer årleg informasjon om verva til styremedlemmene, aksjane deira og andre interesser. Dette gjev selskapet eit informasjonsgrunnlag for å vurdere nærstående transaksjonar og moglege interessekonfliktar.

Styret har vidare retningslinjer som sikrar at kvar enkelt styremedlem og leiande tilsette kontinuerleg vurderer og rapporterer til styret om det finst forhold som er eigna til å svekkje tilliten til habilitet, eller som kan opne for interessekonfliktar. Døme på dette kan vere at ein direkte eller indirekte har ei vesentleg interesse i ein avtale som blir inngått av selskapet. Føremålet med dette er å sikre at avgjerder alltid blir gjennomførte på uavhengig grunnlag ved at inhabile styremedlemmer eller leiande tilsette ikkje tek del i behandlinga av transaksjonar med nærstående.

Der det blir gjennomført transaksjonar med nærstående partar, skal dette gjerast på armlengdes avstand og til marknadsvilkår. I tilfelle der nærstående transaksjonar går gjennom ein omfattande anbudsprosess som inkluderer styrebehandling og minst tre tilbydarar, vil det ikkje bli henta inn ei uavhengig verdivurdering frå tredjepart. Dette er fordi interne retningslinjer i slike tilfelle blir vurderte å vere tilstrekkeleg til å sikre armlengdes avstand og marknadsvilkår.

Det blir henta inn uavhengige utgreiingar i dei tilfella der lova krev at styret sørgjer for ei uavhengig sakkunnig utgreiing, jf. allmennaksjelova § 3-8.

Transaksjonar med nærstående er skildra i note 16 i årsrekneskapen til konsernet.

Hovudaksjonær

Havilafjord AS er hovudaksjonær i Fjord1. Styret ser det som positivt med ein aktiv eigar som legg vekt på utvikling og verdiskaping i Fjord1-konsernet, og trur at dette kjem alle aksjonærane til gode gjennom langsiktige og målretta slutningar.

5 Fri omsetnad

Det er ikkje vedtektsfesta avgrensingar for omsetnad av Fjord1-aksjane.

6 Generalforsamling

Om generalforsamlinga

Gjennom generalforsamlinga utøver aksjeeigarane den høgste styringa av Fjord1. Styret legg til rette for at generalforsamlinga skal vere ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret.

Innkalling

Generalforsamlinga i selskapet skal kallast inn ved skriftleg melding til alle aksjonærar med kjend adresse.

Når dokument som gjeld saker som skal behandlast i generalforsamlinga er gjorde tilgjengelege for aksjonærane på nettsidene til selskapet, gjeld ikkje lovkravet om at dokumenta skal sendast til aksjonærane. Dette gjeld også dokument som etter lova skal innlemmast i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamling.

Ein aksjeeigar kan likevel krevje å få tilsendt saksdokumentasjon til generalforsamlinga per post – dette er fastsett i § 7 i vedtektene til selskapet. Saksdokumentasjonen skal innehalde all nødvendig dokumentasjon, slik at aksjeeigarane kan ta stilling til alle saker som skal behandlast. Alle aksjeeigarar som er registrerte i verdipapirsystemet (VPS) vil få innkallinga og har rett til å fremje forslag og gje stemme direkte eller via fullmakt. Ein finanskalender, som inkluderer dato for generalforsamling, er tilgjengeleg på nettsidene til selskapet.

Påmelding og fullmakt

Påmeldinga skjer skriftleg, anten per post, VPS-konto eller e-post. Styret ønskjer å leggje til rette for at flest mogleg av aksjonærane kan delta. Aksjonærar som sjølv ikkje kan delta, blir oppmoda om å vere representerte ved fullmektig eller ta i bruk fullmakt. Det blir lagt til rette for at fullmakt kan nyttast i kvar enkelt sak som blir behandla.

Dagsorden og gjennomføring

Møteleiar blir vald på generalforsamlinga. Generalforsamlinga blir starta av styreleiaren, som også sørgjer for at det blir valt møteleiar. Den ordinære generalforsamlinga skal mellom anna godkjenne årsrekneskapen og årsmeldinga og behandle innstillinga frå styret om fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande tilsette.

Generalforsamlinga vel medlemmer og leiar av valkomiteen. Utover dette behandlar generalforsamlinga dei sakene som følgjer av lov eller vedtekter.

Generalforsamlingsprotokollen blir offentleggjort via ei børsmelding og gjord tilgjengeleg på nettsidene til selskapet etter gjennomført generalforsamling.

7 Valkomité

Selskapet har vedtektsfesta at det skal ha valkomité, jf. § 6 i vedtektene. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for oppgåvene til valkomiteen, samansetning og kriterium. Retningslinjene blei fastsette av generalforsamlinga som blei gjennomført 7. juli 2017.

I samsvar med vedtektene skal valkomiteen ha to medlemmer, og dei blir valde for ein periode på to år om gongen. Medlemmene av valkomiteen skal vere uavhengige av styret i selskapet og leiande tilsette, og dei skal sørge for interessene til aksjonærfellesskapet. Leiaren av valkomiteen blir vald av generalforsamlinga, og honoraret for valkomiteen blir fastsett av generalforsamlinga. Valkomiteen innstiller sjølv medlemmer til valkomiteen.

Den noverande komiteen blei vald på den ekstraordinære generalforsamlinga 7. juli 2017. Medlemmene i valkomiteen er på val i 2019. Komiteen er samansett av Anders Tallerås og Nina Skage. Oppgåvene til valkomiteen er å føreslå kandidatar ved val av styremedlemmer og å gje rettleiing om honorar for medlemmer av styret, underutvalet og valkomiteen. Rapport frå den årlege eigenevalueringa frå styret blir behandla av valkomiteen. Valkomiteen skal gjere greie for arbeidet sitt og leggje fram ei grunngeving for innstillinga til generalforsamlinga. Innstillinga skal omfatte relevant informasjon om kandidatane og vurderinga av at dei er uavhengige av leiinga og styret i selskapet. Valkomiteen vil ha kontakt med aksjeeigarar, styremedlemmene og administrerande direktør i arbeidet med å føreslå kandidatar til styret og forankre innstillinga si hos dei største aksjonærane i selskapet. Aksjeeigarane har høve til å føreslå kandidatar via nettsidene til selskapet.

Innstillinga frå valkomiteen til generalforsamlinga blir gjort tilgjengeleg for styret fire veker før generalforsamlinga. Innstillingane frå valkomiteen skal oppfylle dei krava til samansetning av styre som til kvar tid måtte følgje av lovgjeving og aktuelt regelverk.

8 Samansetning av styret og det uavhengige styret

Samansetning av styret

Styret i Fjord1 skal i samsvar med § 5 i vedtektene til selskapet ha mellom fem og ni medlemmer. Styreleiaren og dei aksjonærvalde styremedlemmane blir valde av generalforsamlinga, basert på innstillinga frå valkomiteen. Styret har for tida fem aksjonærvalde medlemmer, og to av dei er kvinner. Det er i tillegg to styrerepresentantar som representerer dei tilsette.

Styret i Fjord1 er samansett ut frå selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det er lagt vekt på å få til eit samla styre som har ein brei bakgrunn frå forretningar og leiing, med god forståing for bransjen. Ei oversikt over dei enkelte kompetansen, bakgrunnen og aksjebehaldninga til styremedlemmene er tilgjengeleg på nettsidene til selskapet. Dei tilsette i verksemda skal vere representerte i styret med to styremedlemmer og to observatørar i samsvar med den gjeldande avtalen. Ingen av dei aksjonærvalde styremedlemmene er tilsette eller har utført arbeid for Fjord1.

Tenestetida for aksjonærvalde styremedlemmer følgjer av allmennaksjelova § 6-6. Tenestetida for tilsttrepresentantane i styret følgjer av allmennaksjelova § 6-4.

Godtgjering til styret blir fastsett av generalforsamlinga etter innstilling frå valkomiteen.

Det uavhengige styret

Styret er sett saman slik at det kan handle uavhengig av særinteresser, og skal fungere effektivt som eit kollegialt organ til beste for aksjonærfellesskapet. Ingen aksjonærvalde styremedlemmer er involverte i den daglege leiinga. Styreleiar Vegard Sævik og styremedlem Per Sævik er knytte til majoritetsaksjonær Havilaffjord AS.

Dei andre aksjonærvalde styremedlemmene er uavhengige av den daglege leiinga i Fjord1 og vesentlege forretningskontaktar. For informasjon om aksjebehaldninga til styremedlemmene

i Fjord1 per 31. desember 2018 viser vi til note 17 i årsrekneskapen. Som styremedlem er ein omfatta av reglementet for primærinnsidarar, som har klare reglar for mellom anna plikt om undersøking og meldeplikt ved eventuelle handlar i aksjane til selskapet.

9 Arbeidet til styret

Oppgåvene til styret

Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av konsernet og for å føre tilsyn med dagleg leiar og verksemda til konsernet og for å sørge for interessene til aksjonærane.

Dette gjer at styret er ansvarleg for å sikre ei forsvarleg organisering av verksemda og fastsetje strategiar, planar og budsjett. Styret deltek i viktige strategiske diskusjonar gjennom året. Vidare har styret ansvar for å etablere kontrollsystem og sørge for at konsernet blir drive i samsvar med fastsett verdigrunnlag, etiske retningslinjer og dei forventningane eigarane har til samfunnsansvarleg drift. Styret pliktar å sjå til at rekneskap og formueforvaltninga er gjenstand for god kontroll. Saker av vesentleg strategisk eller finansiell betydning blir behandla av styret. Styret har ansvar for å tilsetje administrerande direktør og etablere instruks, fullmakter og vilkår for administrerande direktør og for å fastsetje lønn til administrerande direktør.

I 2018 blei det gjennomført 13 styremøte der åtte av desse var med fysisk oppmøte.

Styreinstruks

Styret har vedteke ein styreinstruks som gir reglar og retningslinjer for arbeidet i styret og sakshandsaming. Denne blir gjennomgått årleg eller ved behov. Instruksen til styret fastset dei oppgåvene og pliktene som ligg i arbeidet til styret og forholdet til administrerande direktør. Styreleiaren er ansvarleg for at styrearbeidet blir gjennomført på ein effektiv og korrekt måte. Styret arbeider etter ein årleg plan med fastlagde tema og saker for styremøta. Styret evaluerer årleg arbeidet sitt og kompetansen sin. Dette blir gjort gjennom ei eigenevaluering som blir samanfatta overfor valkomiteen. Minst ein gong i året går styret gjennom dei viktigaste risikoområda til selskapet og den interne kontrollen i selskapet.

Instruks til administrerande direktør

Administrerande direktør i Fjord1 er ansvarleg for den operative leiinga i Fjord1-konsernet. Administrerande direktør skal vidare sjå til at rekneskapen er i samsvar med lover og relevante reglar, og at verdiane i konsernet er forvalta på ein forsvarleg måte. Administrerande direktør blir tilsett av styret og har rapporteringsplikt overfor styret. Administrerande direktør pliktar å halde styret kontinuerleg informert om den økonomiske stillinga i konsernet, om verksemda og om formueforvaltning. Gjennom instruks frå styret til administrerande direktør er det gitt retningslinjer for kva saker som skal styrebehandlast.

Finansiell rapportering

Styret har fått periodiske rapportar med kommentarar til den økonomiske og finansielle statusen i selskapet. For kvartalsrapporteringa vil selskapet følgje fristane til Oslo Børs og rettleiinga for IR.

Revisjonsutvalet til styret

Revisjonsutvalet blir valt av og mellom medlemmene i styret og utgjer tre styremedlemmer. Minst ein av medlemmene bør ha erfaring frå utøving av rekneskaps- eller økonomileiing, eller revisjon. Medlemmene av revisjonsutvalet blir valde av styret, og endringar i samansetninga blir gjorde når styret ønskjer det, eller når dei fråtrer stillinga som medlem av styret. Revisjonsutvalet er samansett av

leiar Siri Hatlen, Vegard Sævik og Siri Hatland. Leiaren av revisjonsutvalet er ein uavhengig styremedlem. Revisoren til selskapet møter i revisjonsutvalet ved innkalling.

Revisjonsutvalet er eit førebuande og rådgevande utval for styret. Revisjonsutvalet skal a) førebu styreoppfølginga av rekneskapsrapporteringsprosessen, b) overvake systema for internkontroll og risikostyring, c) halde kontakt med den valde revisoren for føretaket om revisjonen av årsrekneskapen, d) vurdere og overvake sjølvstendet og objektiviteten til revisoren overfor føretaket, særleg i kva grad andre tenester enn revisjon som er levert av revisor, utgjer ein trussel mot sjølvstendet og objektiviteten til revisoren overfor føretaket. Det blei gjennomført seks møte i revisjonsutvalet i 2018.

Kompensasjonsutval til styret

Etablering av eit kompensasjonsutval er vurdert, men ikkje funne nødvendig. Prinsipp og strategiar for godtgjering til leiinga i selskapet blir fastsette av styret.

10 Risikostyring og intern kontroll

Risikostyringa og internkontrollen i Fjord1 skal bidra til at selskapet tenkjer heilskapleg om den operasjonelle verksemda til selskapet, rekneskapsrapporteringa og dei lovene og reglane som gjeld. Styret skal årleg vurdere risikostyringa og internkontrollen i Fjord1. Internkontrollen omfattar også verdigrunnlaget i selskapet, samfunnsansvar og retningslinjer for etikk som gjeld for alle tilsette i selskapet.

Vurdering og rapportering frå styret

Fjord1 har ei årleg strategisamling som skal leggje grunnlag for styrearbeidet og avgjerdene til styret gjennom året. Her blir dei mest sentrale risikoeksponeringsområda og internkontrollsystemet gjennomgått. Det er etablert ein overordna styringsmodell for kontinuerleg oppfølging, basert på konsernstrategien, verdigrunnlaget og etiske retningslinjer. I tillegg er det utarbeidd prinsipp for rapportering innanfor dei mest sentrale områda og rettleiing og retningslinjer for sentrale prosessar og aktivitetar. Det er etablert ei fullmaktsmatrise for delegering av ansvar til definerte roller i organisasjonen. Alle tilsette har retningslinjer for kor langt deira eiga mynde strekkjer seg, og kva som er neste instans for avgjerder eller godkjenningar.

Fjord1 har etablert eit sett av interne prosedyrar og system som skal sikre ein heilskapleg og påliteleg finansiell rapportering og operativ drift. I tillegg er det etablert eit system for å sikre kvaliteten i gjennomføringa av prosjekta i verksemda. Systemet omfattar mellom anna gjennomgang av risiko i prosjekta og i andre delar av verksemda for å sikre påliteleg finansiell rapportering og eventuelt fastsette nødvendige risikotiltak. Planlegging, styring, gjennomføring og økonomisk oppfølging av byggjeprosessar, produksjonsprosessar og prosjekt er integrerte i forretningsdrifta i Fjord1-konsernet.

Selskapet har etablert varslingsrutinar der tilsette kan kommunisere forhold som gjeld ulovleg eller uetisk åtferd.

Konsernrekneskapen til Fjord1 blir avlagd etter det gjeldande IFRS-regelverket. Styret får periodiske rapportar om dei finansielle resultatata for selskapet og ei skildring av status for dei viktigaste enkeltprosjekta i konsernet. I tillegg blir det utarbeidd kvartalsvise økonomirapportar som blir vedtekne av styret i forkant av kvartalsrapporteringa. Revisor deltek på møte med revisjonsutvalet og i styremøtet med framlegging av førebels årsrekneskap. Dei mest sentrale risikofaktorane for selskapet er skildra i årsmeldinga frå styret.

11 Godtgjering til styret

Generalforsamlinga fastset årleg honorar til medlemmene i styret etter innstilling frå valkomiteen. Honoraret skal reflektere ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i selskapet. Styret i selskapet fekk i 2018 ei samla godtgjering på 2 380 000 kroner. Sjå note 17 i årsrekneskapen for 2018 for nærare detaljar.

Godtgjeringa av styret er ikkje resultatavhengig. Det blir ikkje utferda opsjonar til styremedlemmane, og dei aksjonærvalde styremedlemmene har ikkje avtale om pensjonsordning eller etterløn frå selskapet. Ingen av dei aksjonærvalde styremedlemmene har oppgåver for selskapet utover styrevervet.

Styremedlemmene blir oppmoda om å eige aksjar i selskapet. Medlemmene i styret følgjer alminnelege innsideregjar for aksjehandel i selskapet.

12 Godtgjering til leiande tilsette

Som nemnt i punkt 9 er det ikkje etablert eit kompensasjonsutval i selskapet. Det er styret som vurderer tilsetjingsvilkåra for administrerande direktør og bidreg i samband med strategi og hovudprinsipp for kompensasjon til den sentrale leiinga i selskapet.

Retningslinjene for godtgjering til leiande tilsette i selskapet er skildra i note 17 til årsrekneskapen for konsernet. Hovudelementa i kompensasjonsordninga er den faste grunnløna. Den øvste leiinga tek del i eit aksjespareprogram som skal bidra til at godtgjering skal sikre samanfallande interesser mellom aksjeeigarane og den øvste leiinga.

Det er ikkje utferda opsjonar til tilsette eller tillitsvalde i selskapet.

Retningslinjer for godtgjering til leiande tilsette blir årleg lagde fram for generalforsamlinga i samband med behandlinga av årsrekneskapen.

13 Informasjon og kommunikasjon

Fjord1 har som mål at all rapportering av finansiell og annan informasjon skal vere korrekt, og at han samtidig skal vere basert på openheit og likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden. Selskapet vil følgje IR-retteleiinga frå Oslo Børs av 1. mars 2017.

Informasjon frå Fjord1 blir publisert i form av årsrapport, kvartalsrapportar, presse- og børsmeldingar og investorpresentasjonar. All informasjon som blir vurdert som vesentleg for verdsetjing av selskapet, blir distribuert og offentleggjort via meldingssystemet til Oslo Børs og på nettsida til selskapet.

Selskapet legg fram førebels årsresultat etter datoen som er fastsett i finanskalendareren. Ein fullstendig rekneskap, saman med årsberetning og årsrapport, blir gjort tilgjengeleg for aksjonærane seinast tre veker før generalforsamlinga og seinast ved utløpet av mai kvart år. Kvartalstala blir rapporterte seinast den 28. i den andre månaden etter kvartalsslutt.

Finanskalendareren til selskapet blir publisert for eitt år om gongen og blir offentleggjort før 31. desember i tråd med reglane til Oslo Børs. Finanskalendareren er tilgjengeleg på nettsidene til selskapet og nettsidene til Oslo Børs.

Informasjonen skal ha som hovudføremål å klargjere dei langsiktige måla og potensialet til selskapet. Til dette ligg strategi, verdifaktorar og viktige risikofaktorar. Rettleiing for Investor Relations fastset meir detaljert korleis informasjon skal handterast i konsernet. Det er definert kven som skal vere selskapet sine talspersonar i ulike saker. I hovudsak vil det vere administrerande direktør eller finansdirektøren i Fjord1 som uttalar seg på vegner av selskapet overfor finansmarknaden.

14 Selskapsøvertaking

I vedtektene til selskapet er det inga avgrensing når det gjeld kjøp av aksjar i selskapet. Styret skal i eventuelle oppkjøpssituasjonar bidra til at aksjeeigarane i selskapet blir likebehandla, og til at verksemda til konsernet ikkje blir unødig forstyrta i den daglege drifta. Styret skal bidra til at aksjeeigarane har god nok informasjon og tid til å kunne ta stilling til eit oppkjøpstilbod.

I tilfelle det blir sett fram bod på aksjane i selskapet, skal styret uttale seg med ei vurdering av bodet og ei rettleiing til aksjeeigarane om dei bør akseptere bodet eller ikkje. Styret bør i denne vurderinga mellom anna ta omsyn til korleis eit eventuelt oppkjøp vil verke inn på den langsiktige verdiskapinga i selskapet. Vurderinga skal grunngjevast.

15 Revisor

Revisoren for konsernet blir vald av generalforsamlinga. Revisjonsutvalet til styret skal leggje fram innstilling til val av revisor for generalforsamlinga.

Revisoren gjer greie for arbeidet sitt og gjev si vurdering av den økonomiske rapporteringa til selskapet og intern kontroll overfor styret i samband med årsrekneskapen. Styret blir orientert i dette møtet om kva tenester i tillegg til revisjon som er utførte gjennom året. Revisor har minst éin gong i året møte med styret utan at leiinga i selskapet er til stades. Revisor har rett til å delta på generalforsamlinga i Fjord1. Revisor skal årleg stadfeste skriftleg til styret at dei fastsette krava til sjølvstendet til revisoren er oppfylte.

Revisor er med på møta i revisjonsutvalet ved innkalling. Revisor skal årleg leggje fram for revisjonsutvalet hovudtrekka i planen for gjennomføring av revisjonsarbeidet. Revisor skal gå gjennom eventuelle vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa til Fjord1, vurderingar av vesentlege rekneskapsestimat og alle vesentlege forhold der revisor og leiinga i selskapet har vore ueinige. Revisor skal minst éin gong i året gå gjennom interne kontrollsystem i Fjord 1 med revisjonsutvalet, inkludert synlege svakheiter og forslag til forbetringar.

Styret orienterer generalforsamlinga om honorar til revisor fordelt på revisjon og andre tenester utover revisjon.